

Møteinnkalling

Utval:	Styret for Fagskolen Vestland
Møtestad:	Nettmøte
Dato:	18.10.2024
Tid:	Kl. 09:00 – 12:00

Oppmodar om at avklaring om habilitet vert meldt i forkant av møtet.

Dersom nokon av medlemmene i styret ikkje kan møte og må melda forfall, vert dei bedne om å gjere dette snarast til Pernille.moseng.rieber@vlfk.no

Innkallinga gjeld valde medlemmer i Styret for Fagskolen Vestland. Ved eventuelt forfall frå faste medlemmer vil varamedlemmer bli kalla inn særskilt.

Kl. 09:00 Sakshandsaming

Oddmund Klakegg
Styreleiar

Sakliste

Utvalls- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
GK 13/24	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste	2022/486	
GK 14/24	Godkjenning av møteprotokoll frå 30.08.2024	2022/486	

Referatsaker

RS 13/24	Orientering om opptaket 2024	2022/486	
RS 14/24	Val av ny tilsettrepresentant til fagskulestyre frå 01.01.2025	2022/486	

Vedtaksaker

VS 12/24	Ny lokasjon for studiestadene i Bergen	2022/486	
VS 13/24	Funksjonar ved Fagskulen Vestland	2022/486	
VS 14/24	Mellombels tilbodsstruktur for skuleåret 2025/26	2022/486	
VS 15/24	Løyve til å søkje NOKUT om fagområdeakkreditering innan Matproduksjon, ressursutnytting og gastronomi	2022/486	

Eventuelt

Saksnr: 2022/486-156
Saksbehandlar Hege Aarethun
Dato: 11.10.2024

Til: Styret ved Fagskulen Vestland

Frå: Rektor

Orientering om opptaket 2024

Årleg lyser fagskulen ut studietilbod nasjonalt gjennom Samordna opptak, og kurs og kortare utdanningar lokalt via egne system.

I førre styremøtet blei det i sak RS 12/14 gitt ei kort orientering om opptak 2024 i Samordna opptak. Vi vel å trekke fram nokon av tala frå saka i denne saka og. I hovudopptaket var det 1518 søkarar som hadde Fagskulen Vestland som førsteprioritet, og dette var ein auke på 13,7 prosent frå hovudopptaket i 2023. Det var stor variasjon mellom utdanningane, og automatisering, elkraft og dei maritime utdanningane hadde særleg god søknad. Det har vore god søknad til alle heiltidsstudiar i år. Automasjon og elkraft hadde lange ventelister etter hovudopptaket, og dei fleste heiltidsstudiane var fulle ved hovudopptaket. Berre dekksoffiser Austevoll og maskinteknikk Stord blei lyst ut på ledige studieplassar av heiltidstilboda.

Fagskulen har supplert, og lyst ut på ledige studieplassar, fram til siste suppleringsopptak 25. september 2024. Mange utdanningar startar undervisninga i midten av august, og det å supplere på desse etter oppstart kan gje studentane eit dårlegare tilbod. Ved suppleringa neste år tilrår vi derfor at suppleringa stansar mye tidlegare for ei del utdanningar.

Vedlagt tabell 1 viser tal for kvalifiserte søkarar, kor mange studentar som har møtt, kor mange tilbod vi har gitt, kor mange som har takka ja til tilbod med vidare for dei ulike utdanningane i hovudopptaket 2024.

Studiar med venteliste ved hovudopptaket var:

Anlegg Voss	Anlegg Førde	Arborist
Automasjon deltid Bergen	BIM	Bygg heiltid Bergen
Boring	Dekkssoffiser Austevoll	Dekkssoffiser Bergen
Dekkssoffiser Måløy	Elkraft deltid Bergen	Elkraft heiltid Bergen
Elkraft Førde	KEM	Maskinoffiser Bergen

Maskinoffiser Bergen	Maskinoffiser Måløy	Maskinteknikk heiltid Bergen
Maskinteknikk deltid Bergen	Prosess	Psykisk helse og rusarbeid

Når vi avsluttet opptaket i slutten av september var det disse utdanningene som fortsatt hadde ventelister:

Dekksoffiser Bergen	Dekksoffiser Måløy
Elkraft heltid Bergen	Elkraft deltid Bergen

For utdanninga Psykisk helse og rusarbeid opplevde vi å ha greie søkartal, men over 50 % takka ikkje ja til tilbudet, og vel oss vekk. Det er uklart kva som er årsaka.

Vurderingar som har vore gjort av opptaksansvarleg i dialog med utdanningsleiarane gjennom heile hovudopptaket, er kor mange tilbod vi kan gje for at vi skal treffe best mogleg til studiestart når det gjeld å fylle opp studieplassane – spesielt der vi har ventelister. Og kva for utdanningar som skal vere lyst ut på ledige studieplassar til ei kvar tid. Klassestørrelse og størrelse på klasserom er og vektleggande i vurderingane på mogleg tal på studentar for dei ulike utdanningane.

Som tidlegare nemnt har vi i år opplevd at studentane er meir i bevegelse, og at søkarar som først har takka ja, har endra svar i løpet av sumaren. Dei verker å søke fleire stadar, og ønsker å halde moglegheitene sine open lenger. Det blir difor enda viktigare å gje tilstrekkeleg tilbod på ei del utdanningar allereie ved hovudopptaket. Søkarane er på det tidspunktet gjerne meir motivert, og kvaliteten på søkarane ofte høgare. Karaktersnittet på utdanningar som elkraft og automatisering var høgare i år enn tidlegare. På desse utdanningane har dei fleste relevante fagbrev og, mens på utdanningar som til dømes på helse, og til dels lokal matkultur søkar fleire med realkompetanse. På desse utdanningane er delen søkarar som ikkje er kvalifisert størst.

Desember 2023 (VS 18/23) ble det vedtatt å lyse ut 34 studietilbod i Samordna opptak. Med bakgrunn i budsjettvedtaket i fylkestinget som ga redusert driftstilskot til fagskulen same haust, blei det gjort justeringar i endeleg tilbod vedtatt (VS 06/24) i april møtet. Som kjent blei det arbeid politisk, og fagskulen fekk tildelt ein tilleggspott på kr. 5,5 mill. Desse utdanningane blei vedtatt å likevel starta opp som resultat av tilleggspott: Bygg Førde, Frukt og bær Hjeltnes og Maskin heiltid Nordnes.

Også i år har fagskulen, i forbindelse med hovudopptaket, køyrd ulike marknadsføringskampanjar i sosiale media. Tal frå ei studentundersøking viser likevel at studentane våre primært finn informasjon om utdanningane våre på nettsida til fagskulen, utdanning.no og noko på facebookannonsering. Nettsida og utdanning.no er derfor viktige informasjonsflater i vår rekruttering.

Som dykk ser av tabell 1 fyller vi heller ikkje i år opp studieplassane våre. Det at så mange valte å ikkje møte til studiestart hos oss, viser igjen at det er viktig at vi ser på korleis vi dimensjonerer tilboda på enkelte utdanningar for betre å sikre å fylle studieplassane der det er mogleg.

Styret gjorde hausten 2023 vedtak om å lyse ut utdanningane Leing i havbruksoperasjonar og Pommelier som lokale opptak med oppstart vår 2024. Pommelier starta med 17 studentar (30 studieplassar), og havbruksoperasjonar starta med 16 studentar (15 studieplassar).

I tillegg til hovudopptaket i Samordna opptak lyser skulen ut kurs og kortare utdanningar innan Industrifagskulen, bransjeprogram med meir lokalt gjennom heile året. Følgande kurs og kortare utdanningar er lyst ut i 2024:

Kurs, korte utdanningar	Stp	Takka ja
Robotteknologi og digital produksjon (Odda)	10	Blei ikkje starta, grunna få søkarar
EX-elektriske installasjonar i eksplosjonsfarlege områder (Nordnes)	10	46
Min Arbeidsplass (Florø/nett)	10	24
EX-elektriske installasjonar i eksplosjonsfarlege områder (Stord/Bryne)	10	27
Prosjektplanlegging for leverandørindustrien (nett)	10	18
Energirådgjevar (Førde)	10	27
Enkeltemne – yrkesutøving og tenestetilbod på studiet Rehabilitering, kvardagsmestring og velferdsteknologi	10	4
Enkeltemne - velferdsteknologi	10	3

* Tabell 2

Der det står «enkeltemne» i linjene over betyr det at vi har lyst ut ledig kapasitet på emnar som vi allereie tilbyr som del av våre utdanningar. Det har vert diskutert om dette er noko vi burde gjort meir systematisk begge semestera.

Fagskulen er avhengig av å vere i tett dialog med arbeidslivet, som har etterspurt kompetansen og utdanningane over. Marknadsføring og kommunikasjon rettar seg difor mykje direkte til bedriftene og bransjane som vi allereie er i dialog med når det gjeld å få studentar til utdanningane eller kursa våre.

Vedlegg: Tabell opptak styresak 181024

Utdanningar	Talet 1 pri søkarar 16.04	Dimensjonering tilbudsstruktur:	Talet søkarar totalt	Talet 1 pri totalt	Tilbod gitt totalt	Kandidatar som takka ja (totalt)	Kvalifiserte kandidatar (totalt)	Kvalifiserte 1 pri totalt	Møtt tal etter skulestart (03.10)
Automasjon Bergen Heiltid	34	30	0	0	0	0	0	0	0
Automasjon Bergen Nett	109	80	212	111	121	85	190	105	85
Elkraft Bergen Nett	168	80	296	168	103	83	284	164	80
Elkraft Bergen Heiltid	73	30	162	76	56	31	149	73	29
Boring Heiltid	52	30	87	52	33	30	43	34	24
Anlegg Førde	41	40	71	41	37	30	66	39	28
Anlegg Voss	42	30	86	42	34	28	80	42	27
Arborist	49	16	58	49	25	18	27	26	16
Automasjon Førde	16	40	0	0	0	0	0	0	0
Bim teknikker	50	40	112	55	51	34	82	45	30
Bygg Bergen Heiltid	71	30	122	73	50	31	102	63	30
Bygg Bergen Nett	73	80	168	98	106	70	144	89	58
Bygg Førde	15	40	70	30	32	19	57	26	19
Byggningsaktyndig Førde	41	40	89	62	56	35	68	53	31
Dekksoffiser Bergen	85	30	211	86	48	30	165	67	27
Dekksoffiser Austevoll	25	30	101	29	41	20	79	23	25
Dekksoffiser Måløy	32	15	90	32	21	17	76	26	18
Demensomsorg og psykisk helse for eldre	14	30	66	26	19	14	24	16	13
Elkraft Førde	47	40	122	49	49	31	116	47	28
Grønn omstilling i byggebransjen	15	30	39	22	18	13	29	18	12
Klima, energi og miljø Førde	7	40	0	0	0	0	0	0	0
Klima, energi og miljø i bygg Bergen	50	40	110	55	51	35	82	47	33
Lokal matkultur	18	16	44	27	19	7	21	15	7
Maskinoffiser Bergen	76	30	161	76	37	30	121	63	31
Maskinoffiser Måløy	16	15	74	16	20	16	62	14	18
Maskinteknikk Bergen Heiltid	36	30	85	43	43	27	65	37	26
Maskinteknikk Bergen Nett	65	40	140	65	56	39	118	60	33
Maskinteknikk Førde	27	40	65	36	43	26	59	33	29
Psykisk helse og rus Bergen	62	30	108	76	55	25	64	49	22
Vannkjemi, mikrobiologi og fiskehelse	13	30	31	18	17	6	20	13	5
Makinteknikk Stord	26	30	44	31	28	24	34	27	23
Prosess Bergen	71	40	143	77	63	34	104	58	33
Total	1519	1162	3167	1621	1332	888	2531	1372	840

* Tabell 1

Saksnr: 2022/486-154
Saksbehandlar Adeline Berntsen Landro
Dato: 11.10.2024

Til: Styret for Fagskulen Vestland

Frå: Rektor

Val av ny tilsettrepresentant til fagskulestyret frå 01.01.2025

I samsvar med føresegnene i vedtektene for styret om samansetning og oppnemning av styret (§ 1-2 fjerde ledd punkt d) skal styret ha ein representant for dei tilsette ved fagskulen med ein personleg vara. Vidare kjem det fram av vedtektene i § 1-2 andre ledd at tilsettere representant vert valt for to år av gongen. Første ledd i same paragraf

Tilsettrepresentant i styret i dag, Viggo Leikanger og vara Mona Skjønhaug, er valt for perioden 01.01.2023 til 31.12.2024. På bakgrunn av dette vil det bli gjennomført nytt val av tilsettrepresentant og vara for neste periode.

Saksnr: 2022/486-151**Saksbehandlar:** Adeline Berntsen Landro

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Styret for Fagskulen Vestland	VS 12/24	18.10.2024

Ny lokasjon for studiestadene i Bergen

Forslag til vedtak

1. Styret for fagskulen syner til vedtak i fylkestinget 30.09.2024 og støttar vedtaket slik det kjem fram:
«Fylkestinget ber fylkesdirektøren innan utgangen av 2025 legge fram ei grundig utgreiing på optimalisering av areal og lokaliseringar av Laksevåg og Bergen Maritime vgs. og Fagskulen Vestland sin aktivitet i Bergen, med omsyn til gjenbruk, økonomi og funksjonalitet. Utgreiinga skal ta utgangspunkt i vedteken tilbudsstruktur og skal følgjeleg ikkje flytte fagmiljø frå andre skular i Stor-Bergen. Fagskulestyret samt leing og dei tilsette ved Laksevåg og Bergen Maritime vgs skal verte involverte i prosessen.»

Samandrag

Fagskulen Vestland har to studiestader i Bergen, på Nordnes og Nedre Nygård. Nordnes-bygget skal tilbakeførast til Bergen kommune innan 2028, med mogleg leige i fem år til. Ved Nedre Nygård går leigeavtala ut 31.08.2028. Rektor understrekar at behovet for ny lokasjon for fagskulen i Bergen hastar. Dette vil gje oss tydelege effektiviseringsgevinstar knytt til administrasjon av studiestadene og ei betre utnytting av areal.

Torbjørn Mjelstad
rektor

Adeline Berntsen Landro
prorektor organisasjon og samhandling

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Fagskulen Vestland har i dag to lokasjonar i Bergen, ein på Nordens og ein på Nedre Nygård. På Nedre Nygård er fagskulen samlokalisert med Laksevåg og Bergen maritime vidaregåande skole.

Bergen kommune som eig studiestaden på Nordnes skal ha tilbakeført bygget innan 2028, Vestland fylkeskommune har ein opsjon på å leige lokala i inntil fem år etter det, det vil sei ut 2032. Ved studiestad Nedre Nygård går leigeavtalen med Nygårdssporten AS ut 31.07.2028. Det er denne delen av bygget fagskulen disponerer i dag. Rektor kjenner ikkje til at det ligg føre nokon moglegheit for forlenging av denne avtalen.

I samband med handsaminga av tilbodsstruktursaka i fylkestinget 30. september 2024, var eit av forslaga frå administrasjonen at studiestadene i Bergen ved Fagskulen Vestland skulle samlokaliseras i det som er omtala som «C blokka» ved Årstad vgs.

Rektor vil understreke at det er viktig at Fagskulen Vestland kjem med i prioriteringane til VLFK. Det er sju år til Fagskulen vil stå utan lokalar til om lag 1000 studentar tilknytt studiestad Nordnes. Ved studiestad Nedre Nygård går som nemnt leigeavtalen ut i 2028, og det er om lag 150 studentar knytt til maritim og petroleumsutdanningar som krev store areal knytt til simulatorar. Det er samstundes også fornuftig at ein nyttar høve til å samlokalisere dei to studiestadene i Bergen. Dette vil gje oss tydelege effektiviseringsgevinstar knytt til administrasjon av studiestadene og ei betre utnytting av areal.

I samband med fylkestinget si handsaming av heilskapleg plan for tilbodsstruktur ved dei vidaregåande skulane 2025-2035 vart det [vedteken](#) at:

- Følgjande byggeprosjekt skal utgreiast så snart som råd: *Nytt bygg på Årstad vgs primært til vidaregåande opplæring, på tomte til dagens C-bygg.
- Fylkestinget ber fylkesdirektøren innan utgangen av 2025 legge fram ei grundig utgreiing på optimalisering av areal og lokaliseringar av Laksevåg og Bergen Maritime vgs. og Fagskulen Vestland sin aktivitet i Bergen, med omsyn til gjenbruk, økonomi og funksjonalitet. Utgreiinga skal ta utgangspunkt i vedteken tilbodsstruktur og skal følgjeleg ikkje flytte fagmiljø frå andre skular i Stor-Bergen. Fagskulestyret samt leing og dei tilsette ved Laksevåg og Bergen Maritime vgs skal verte involverte i prosessen.

Rektor vil påpeike viktigheita av at arbeidet med å finne lokasjon og bygge nytt bygg for fagskulen ikkje stansar opp. Tidlegare styreleiar sendte våren 2022 eit skriv til fylkesadministrasjonen ved avdelingsdirektør for opplæring og kompetanse og avdelingsdirektør for eigedom på vegne av styret som mellom anna peika på følgjande:

[..] Styret ber derfor fylkesadministrasjonen å gjennomføre ein ny analyse/utredning av konsept, behov og lokalisering for Fagskulen Vestland sine utdanningstilbod i Bergen.

Styret ønsker allereie no å peike på moglegheita i at Laksevåg og Bergen Maritime vgs vert lokalisert på Laksevåg som planlagt, medan Fagskulen Vestland sine tilbod i Stor-Bergen vert samlokalisert i lokala på Nedre Nygård. Dette er ei tomt med sentral plassering, god kollektivdekning og med svært god tilkomst for tilreisande studentar. Videre er det eit stort potensial for sambruk og gjensidig utnytting av fasilitetar på tvers av utdanningsinstitusjonar og andre delar av fylkeskommunen, blant annet når det nye fylkesbygget vert teke i bruk. Denne løysinga vil utnytte areal og eigedom som fylkeskommunen allereie eig, samtidig som den kan løyse utfordringar for både Fagskulen Vestland og i den vidaregåande skulen.

Etter dette har ikkje styret vore involvert i arbeidet med framtidig lokasjon for fagskulen i Bergen.

Forslaget som vart lansert frå fylkesadministrasjonen om lokalisering ved Årstad Vgs kan gje oss ei god plassering i høve til kommunikasjon, noko som er viktig fordi Fagskulen Vestland har mange

tilreisande studentar. Lokasjonen kan også gje oss ei god plassering i høve til nærleik til Høgskulen på Vestlandet, og vil kunne bidra til eit enda tettare samarbeid både med tanke på felles laboratoria, simulatorar, undervisningspersonell og arbeid med fellesprosjekt. Ei samlokalisering av studiestadene til fagskulen i Bergen på Nedre Nygård vil også vere eit godt alternativ i høve til kommunikasjon og tilgjengelegheit for studentar. Den vil også skilje fagskulen tydelegare frå ein vidaregåande skule, noko som vil styrke Fagskulen Vestland som ein høgare yrkesfagleg utdanningsinstitusjon.

Fagskule som utdanning er eit viktig satsingsområda både nasjonalt og regionalt, det å ha gode å tidsriktige lokalar å tilby framtidige studentar vert eit viktig konkurransefortrinn for Fagskulen Vestland.

Vedtakskompetanse

Vedtektene for styret § 1-1 sjuande ledd stadfestar følgjande:

7. Fylkesdirektøren skal førebu saker som skal handsamast av fylkestinget. Styret ved fagskulen skal ha høve til å gje uttale før fylkestinget skal handsama saka. Styret sitt vedtak skal sendast til fylkestinget via fylkesdirektøren.

Konklusjon

På bakgrunn av saksframlegget vil rektor tilrå at styret sørgjer for at arbeidet med ny lokasjon for fagskulen i Bergen vert prioritert høgt frå skuleeigar ved fylkestinget. I det vidare arbeidet med lokasjon og dimensjonering av bygg er det særskilt viktig at styret for fagskulen er godt involvert. Det er viktig for fagskulen at aktiviteten i Bergen vert samla på ein stad. Skuleeigar må sikre ei god og tett involvering av styret i arbeidet med å planleggje den nye studiestaden.

Saksnr: 2022/486-153**Saksbehandlar:** Adeline Berntsen Landro

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Styret for Fagskulen Vestland	VS 13/24	18.10.2024

Funksjonar ved Fagskulen Vestland

Forslag til vedtak

1. Fagskulen Vestland kan nytte funksjonen fagkoordinator i skuleåret 24/25.
2. Styret gjer rektor fullmakt til betale kr 25 000,- i tillegg for dette, der det er trong for det. Styret presiserer at dette tillegget ikkje skal kombinerast med tidsressurs.
3. Ordninga gjeld inntil ny ordning med funksjonar er vedteken av styret.

Samandrag

Arbeidet med arbeidstidsavtalen har strekt ut i tid, og det vil i skuleåret 24/25 vere trong for nokon midlertidige funksjonar for å handtere arbeidet ved Fagskulen Vestland. For skuleåret 24/25 er det bestemt at det skal vere følgjande funksjonar ved fagskulen:

1. Klassekoordinatorar/kontaktlærarfunksjon behaldast inneverande skuleår. Det betyr kr. 22 000,- og 4,69% eller 2,5% tidsressurs, avhengig av kva som var gjeldande før samanslåinga. Dette er en funksjon som er framforhandla sentralt i VLFK, og er ein del av lønsoppgjeret.
2. Fagkoordinator og teamleiar.
3. E-pedagog.

Torbjørn Mjelstad
rektor

Adeline Berntsen Landro
prorektor organisasjon og samhandling

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I samband med arbeidet med ny arbeidstidsavtale for Fagskulen Vestland som vart vedteken og underskrevet av forhandlingspartane i juni 2024, vart nokon delar av avtala ikkje ferdig forhandla. Punkta som stod att var ulike typar funksjonar ved Fagskulen Vestland. Arbeidet med dette vart lagt til fagskulestyret.

Partane har lagt til grunn ei forventning om ein god og involverande prosess i dette arbeidet. I august etablerte rektor ein arbeidsgruppe som skal levere ei sak til fagskulestyret i januar 2025. Gruppa skal arbeide gjennom hausten og ha fire til fem møter. Gruppa består av tre tillitsvalde og tre leiarar frå Fagskulen Vestland.

Fordi arbeidet med arbeidstidsavtalen har strekt ut i tid, vil det i skuleåret 24/25 vere trong for nokon midlertidige funksjonar for å handtere arbeidet ved Fagskulen Vestland. For skuleåret 24/25 er det bestemt at det skal vere følgjande funksjonar ved fagskulen:

4. Klassekoordinatorar/kontaktlærarfunksjon behaldast inneverande skuleår. Det betyr kr. 22 000,- og 4,69% eller 2,5% tidsressurs, avhengig av kva som var gjeldande før samanslåinga. Dette er en funksjon som er framforhandla sentralt i VLFK, og er ein del av lønsoppgjeret.
5. Fagkoordinator og teamleiar.
6. E-pedagog.

Punkt 2 og 3 er lokale funksjonar som berre gjeld Fagskulen Vestland.

I høve til fagkoordinator og teamleiar så skal alle utdanningar som fagskulen har akkreditering for ha ein person som er fagleg ansvarleg. I tillegg så set også Sjøfartsdirektoratet krav til høgaste sertifikat som fagleg ansvarleg innan maskinoffiser og dekksoffiser (teamleiar).

Når det gjeld E-pedagog er ein slik funksjon viktig for Fagskulen Vestland. Vi driv med meir digital undervisning og meir med digital oppfølging av studentane våre enn avtaleverket kring dei vidaregåande skulane. I tillegg så nyttar skulen ulike digitale læringsplattformer, både Teams og Its'learning i sitt arbeid.

Rektor har føreslått å nytte omgrepet Fagkoordinator for både E-pedagog og fagkoordinator i systemet, og gje desse to funksjonane 25 000,- i funksjonstillegg. Ordninga har vorte stogga i HR-lina av den grunn at desse funksjonane ikkje vart nytta i dei vidaregåande skulane.

På bakgrunn av dette må styret gjere eit vedtak som stadfestar at fram til nye funksjonar er endeleg vedteke, så vert den omtala funksjonsbruken nytta slik at fagskulen kan implementere dei midlertidige funksjonane i HRM-systemet.

Vedtakskompetanse

Jf. sentrale forhandlingar i VLFK om arbeidstidsavtale for Fagskulen Vestland, vart det bestemt at styret for fagskulen skulle vedta kva funksjonar skulen skal ha.

Konklusjon

Rektor vil tilrå at Fagskulen Vestland kan nytte funksjonen fagkoordinator i skuleåret 24/25, og at styret gjer rektor fullmakt til betale kr 25 000,- i tillegg for dette, der det er trong for det. Styret bør vidare presisere at dette tillegget ikkje skal kombinerast med tidsressurs, og at ordninga gjeld inntil ny ordning med funksjonar er vedteken av styret.

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Styret for Fagskulen Vestland	14/24	18.10.2024

Mellombels tilbudsstruktur for skuleåret 2025/26

Forslag til vedtak

1. Styret for Fagskulen Vestland vedtek å lyse ut følgjande tilbod og studieplassar våren 2025:

	Fagskulen i Vestland	Søkartal 2024	1. klasse	Merknad
Nordnes	Klima, energi og miljø i bygg FTB03N, 120 stp	50	40	
Nordnes	Bygg FTB01H, 120 stp	71	30	
Nordnes	Bygg FTB01N, 120 stp	73	40	
Nordnes	Automatisering FTE01N, 120 stp	109	40	
Nordnes	Elkraft FTE03H, 120 stp	73	30	
Nordnes	Elkraft FTE03N, 120 stp	168	80	<i>Føreset 40 nye studieplassar</i>
Nordnes	Klassisk bygningshåndverk og restaurering FTB54D, 60 stp		20	
Nordnes	Maskinteknikk FTT04H, 120 stp	36	0	
Nordnes	Maskinteknikk FTT04N, 120 stp	65	40	
Nordnes	Prosessteknikk FTK01N, 120 stp	71	40	
Nordnes	Demensomsorg og psykisk helsearbeid/eldre FHH47K, 30 stp	14	30	
Nordnes	Psykisk helsearbeid og rusarbeid FHH56D, 60 stp	62	30	
Nordnes	Robotteknologi og digital produksjon FTT57N, 120 stp		40	
Nordnes	Sterilforsyning og smittevern i helsetenesta FHH96K, 60 stp		20	
Førde	Anlegg FTB02N, 120 stp	41	30	
Førde	Automatisering FTE01N, 120 stp	16	0	
Førde	Bygg FTB01N, 120 stp	15	0	
Førde	BIM-tekniker FTI53N, 60 stp	50	40	
Førde	Bygningssakkyndig FTB58N, 120 stp	41	40	
Førde	Elkraft FTE13N, 120 stp	47	30	
Førde	Håndverksysting FPS15K, 60 stp		15	<i>Føreset ekstern finansiering og nye studieplassar</i>
Førde	Klima, energi og miljø FTB03N, 120 stp	7	0	
Førde	Maskinteknikk FTT04N, 120 stp	27	30	

Førde	Mjølkeproduksjon m/robot FPS10N, 60 stp		0	
Førde	Grøn omstilling i byggenæringa FTB79K, 60 stp	15	30	
Førde	Solenergi, 120 stp		30	<i>Føreset nye studieplassar</i>
Stord	Maskinteknikk - med ISO FTT65H, 120 stp	26	30	
Stord	Elkraft FTE03H, 120 stp		30	<i>Føreset nye studieplassar</i>
Stord	Industriell isolering D, 30 stp		30	<i>Føreset nye studieplassar</i>
Nygård	Maskinoffiser FTM02H, 120 stp	76	30	
Nygård	Dekksoffiser FTM01H, 120 stp	85	30	
Nygård	Boring FTP01H, 120 stp	52	30	
Austevoll	Dekksoffiser FTM01H, 120 stp	25	30	
Austevoll	Vannkjemi, mikrobiologi og fiskehelse FPH05N, 30 stp	13	30	
Måløy	Dekksoffiser FTM01H, 120 stp	32	18	
Måløy	Maskinoffiser FTM02H, 120 stp	16	18	
Måløy	Leing i havbruksoperasjonar FPH06K, 60 stp		20	<i>Oppstart feb 26, lokalt opptak</i>
Hjeltnes	Arborist FPS01D, 60 stp	49	0	
Hjeltnes	Lokal matkultur FTK51N, 120 stp	18	0	<i>Pause</i>
Hjeltnes	Pommelier FTK59K, 30 stp	38	20	<i>Skal søke nye studieplassar</i>
Hjeltnes	Gastronomisk reiseliv FPR51K, 30 stp		30	<i>Skal søke nye studieplassar</i>
Voss	Anlegg FTB02N, 120 stp	42	30	

2. Fagskulen søker om 161,38 nye studieplassar slik det kjem fram av saka.

Samandrag

I denne saka vert det lagt fram forslag til kva tilbod som kan lysast ut gjennom Samordna opptak februar 2025. Styret vil få ei ny sak om tilbodsstruktur til handsaming etter at opptaket er gjennomført våren 2025, og på bakgrunn av dette vedta kva tilbod som skal starte opp hausten 2025.

Torbjørn Mjelstad
rektor

Adeline Berntsen Landro
prorektor organisasjon og samhandling

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I denne saka vert det lagt fram forslag til kva tilbod som kan lysast ut gjennom Samordna opptak våren 2025, samt kva utdanningar det er ønskjeleg å søkje nye studieplassar til. Fagskulane som er ein del av det samordna opptaket skal innan 06. desember 2024 ha klar ei oversikt over kva tilbod som skal lysast ut, fram til 16. desember kan ein framleis ta bort tilbod, men ikkje leggje til tilbod. Talet på tilgjengelege studentplassar i opptaket kan justerast til opptaket er ferdig gjennomført. Styret vil få ei ny sak om tilbodsstruktur til handsaming etter at opptaket er gjennomført våren 2025, og på bakgrunn av dette vedta kva tilbod som skal starte opp hausten 2025.

Vi legg i saka til grunn at fagskulen får tilført nye studieplassar som ein følgje av statsbudsjettet 2025. Desse plassane vert såleis føreslått på vilkår av at det vert løyva nye studieplassar. Dersom fagskulen ikkje får nye studieplassar må tilboda trekkast tilbake. Tilskotet til nye studieplassar er 89 000 pr. heiltidsstudent samt eit resultatbasert tilskot på 22 000 i 2025. I saka er eventuell inntekt til nye studieplassar ikkje rekna inn i forventa ramme for 2025, eller som utgift.

Statsbudsjettet 2025

I framlegg til statsbudsjett for 2025 vert det føreslått 900 nye studieplassar nasjonalt. Kvar fylkeskommune må søkje om nye studieplassar, og vidare fordele dette til fagskular med tilbod i fylket. Fagskulane skal søkje fylkeskommunane om tilskot innan 01. november, og fagskulane skal få svar i løpet av desember.

Forventa ramme 2025

For å berekne forventa ramme for 2025 tek vi utgangspunkt i det statlege tilskotet i 2024, samt opptrapping av studieplassar som også vart tildelt i 2024. Vidare har vi i saka lagt til grunn at det fylkeskommunale driftstilskotet vert redusert med 7,5 mill.

	Ramme 2024	Prisvekst	Endring	Forventet ramme 2025
Grunntilskudd	103 819 425	2 595 486		106 414 911
Resultatbasert	29 261 000	731 525	1 204 700	31 197 225
Nye studieplasser opptrapping fra 2020-23	18 744 000	468 600	-	19 212 600
Nye studieplasser 2024		-	3 000 000	3 000 000
Studieavgift	6 000 000			6 000 000
VFK ekstrabevilgning til gjennomføring av studier (midlertidig støtte 24-26)			3 600 000	3 600 000
VFK tilskudd	19 112 590		-7 500 000	11 612 590
Samlet tilskudd	176 937 015	3 795 611	304 700	181 037 326

Tabell 1: Forventa ramme for Fagskulen Vestland 2025.

Tabell 1 syner at det er forventa ei ramme på om lag 181 mill. Ramma skal dekke alle kostnader skulen har, og for å rekne ut kva tilbod vi kan starte opp innanfor ramma vert administrative og andre faste kostnader trekt ut. Den totale ramma til fordeling for skuleåret 25/26 vert då om lag kr 118 mill.

Tabell 1 syner også eit forventa nedtrekk på kr 7,5 mill. Dette er vedteke av fylkestinget i samband med sak om økonomiplan i desember 2023. I dei politiske budsjettprosessane kjem det også fram at det er lagt inn eit nedtrekk i 2026 på 7,5 mill. Fagskulen vart også trekt ned 3,5 mill. i 2024, og totalt vil fagskulen ha om lag 19 mill. mindre i 2026 enn 2023. Det endelege budsjettet for Fagskulen Vestland i 2025 vert handsama av fylkestinget i desember 2024, og dersom det vert gjort endringar vil styret kunne justere kva tilbod som skal lysast ut gjennom Samordna opptak våren 2025 i ei eiga sak i styremøte 03.12.2024.

Handtering av nedtrekk i fylkeskommunalt driftstilskot

Vedtak om å redusere det fylkeskommunale driftstilskotet i økonomiplanperioden 2024-2027 gjer at styret må iverksette tiltak gjennom tilbudsstrukturen allereie for skuleåret 2025/26 som også tek høgde for forventa nedtrekk i 2026. Rektor forventar at innan skuleåret 2027/28 så må talet på studieplassar ved fagskulen reduserast med om lag 570 plassar i høve til 2023. Tal studentar vil ikkje verte redusert tilsvarande fordi alle klassar ved tilboda som er føreslått trekt ned ikkje er fullteikna. Eit grovt overslag vil gje oss om lag 400 færre studentar i 2027/28. Dette vil også få konsekvensar for skulen sitt framtidige resultatbaserte tilskot.

Dersom fagskulen får tildelt nye studieplassar vil studenttalet kunne bli høgare, men fagskulen vil ikkje kunne oppretthalde forventa produksjon jf. tidlegare tildelingar. Det vil sei at effekten av eventuelle nye studieplassar ikkje vil kunne målast, fordi det samtidig vert trekt ned tilbod. I 2024 så vi at Vestland fylkeskommune vart prioritert lågare i tildeling av nye studieplassar nasjonalt, fordi at den samla produksjonen i fylket ikkje svarte til forventningane. Dette vil kunne skje igjen i seinare tildelingar når Direktorat for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir.) skal vurdere effekt og tildele nye studieplassar. Det er ei forventning frå regjeringa at tildeling av nye studieplassar skal skape vekst i sektoren, og sjølv om fylkeskommunen melder i frå om årsak til manglande vekst kan vi risikere at Vestland fylkeskommune vert prioritert ned.

For å kunne oppnå balanse i budsjettet framover så må reduksjon i tilbod følgjast opp med reduksjon i talet på tilsette. Ei overtalssituasjon vil kunne motverkast noko ved å få tildelt nye studieplassar, og sørge for ei dreining av personalressursar over på EVU med midlar gjennom til dømes industrifagskulen. Dette vil vere viktige grep for å halde på det gode fagmiljøet fagskulen har bygd opp.

Fagskulen må også gjere andre grep enn å redusere tilbodet. Når ein samanliknar Fagskulen Vestland med dei andre fylkeskommunale fagskulane, er vi ein av dei mest kostnadskrevjande skulane. Dette kan dels forklarast med ulikheiter i arbeidstidsavtale nasjonalt, og at Fagskulen Vestland er den største fagskulen innan maritime fag som er meir kostnadskrevjande enn andre tilbod. Fagskulen Vestland er også ei av dei mest desentrale fagskulane i landet, og samanslåinga av dei to tidlegare fagskulane i Hordaland og Sogn og fjordane har bidrege til ein enda meir desentral struktur. At fagskuletilbodet i Vestland fylkeskommune skal vere desentralt og dekke kompetansebehovet i heile regionen er eit viktig politisk val i fylket, både no og i dei to tidlegare fylka før samanslåinga til Vestland.

Når det gjeld tildeling av nye studieplassar ønskjer fagskulen å søkje om tilskot til utdanningar innan tekniske fag, matfag og reiseliv. Matfag, reiseliv og landbruk har tidlegare ikkje vore prioritert i tildeling av nye studieplassar verken nasjonalt eller regionalt i Vestland fylkeskommune. Utdanningar innan tekniske fag, helse- og velferdsfag og områder som er viktige for det grønne skiftet, skal prioriterast ved tildeling av nye studieplassar, ifølge statsbudsjett for 2025. Samtidig skal fylkeskommunane gjere eigne prioriteringar på bakgrunn av kompetansebehovet i eige region. For Vestland fylkeskommune vil det ikkje vere unaturleg å prioritere både tekniske fag, landbruksfag og reiseliv i høve til arbeidslivet i vår region. Tildeling av nye studieplassar vil bli ei viktig brikke i å vidareutvikle fagskulen samtidig som vi må gjere innsparingar.

Andre viktige innsparingsgrep er reduksjon i reiseverksemd og arbeidet med funksjonar ved fagskulen. Å redusere reiseverksemda ved fagskulen er allereie iverksett. Samtidig må vi treffast på tvers av studiestader og fagmiljø nokre gongar, og då vurderer vi alltid rimelegaste alternativ. Arbeide med kva funksjonar fagskulen skal ha er som nemnt starta opp, og resultatet av dette vil kunne gje ei innsparing på mellom 5 og 7 mill., men dette veit vi først når styret har handsama sak om funksjonar for fagskulen framover.

Nye studieplassar i 2025

I høve til å søkje om nye studieplassar for skuleåret 2025/26 vil rektor tilrå følgjande:

Utdanning	Studiestad	Studenttal (Heiltids- ekvivalen)	Kommentar
Elkraft, 120 stp, deltid	Nordnes	26,8	Opptopping: Før ny tilskotsordning vart etablert vart deltidsutdanninga innan Elkraft trappa opp, men det har ikkje kome nye studieplassar til denne opptoppinga. Det er ønskeleg å redusere studenttalet ved denne med mindre det vert løyvd nye studieplassar til dette tilbodet.
Grøn omstilling i byggenæringa, 60 stp, deltid	Førde	2,5	Opptopping: Fagskulen fekk 10 heiltidsekvivalentar til dette tilbodet hausten 2024, det utgjer 20 studentar. Det er ønskeleg å ha ei større klassestorleik og det vert derfor foreslått å søkje opptopping med 2,5 studieplassar (H).
Elkraft, 120 stp, heiltid	Stord	30	Opptopping: Det vert årleg oppretta ein klasse på Stord, og det alternerast mellom elektro og maskin utdanning. Stord-miljøet har meldt inn behov for å opprette både Maskinteknikk m/ISO og Elkraft hausten 2025 på Stord. Dette vert i så fall ei opptopping som vi ønskjer å søkje nye studieplassar til. Tilbodet på Stord var tidlegare finansiert av fylkeskommunen, men vart teke inn i ramma til tidlegare Fagskolen i Hordaland.
Industriell isloering, 30 stp, deltid	Stord	15	Dette tilbodet vart utvikla i tett samarbeid med isoleringsbransjen og Aker Stord. Det har vore gjennomført ein pilot under ordninga desentral og fleksible utdanningar. Desse midlane dekkja utvikling og ein gjennomføring. ISO bransjen og Aker Stord meldar om eit stort

			behov for utdanninga, og den er viktig i satsinga til Aker med overgang til havvind og andre berekraftige energikjelder.
Pommelier, 30 stp, deltid	Hjeltnes	15	Fagskulen søkte om tilskot til Pommelier med oppstart januar 2024, men vi fekk ikkje tildelt nye studieplassar til tilbodet. Det er ønskjeleg å søkje om nye studieplassar til dette tilbodet på nytt med oppstart januar 2025.
Gastronomisk reiseliv, 30 stp, deltid	Hjeltnes	15	Gastronomisk reiseliv er eit nytt tilbod ved studiestad Hjeltnes. Studiet er utvikla i tett samarbeid med reiselivsbransjen og vart akkreditert våren 2023.
Handverksysting, 60 stp, deltid	Førde	7,5	Handverksysting har ikkje hatt offentleg finansiering, men vart gjennomført med hjelp av pengar frå Sparebankstiftinga. Rektor vil presisere at dette studiet kostar meir enn dei studieplassane vi får. Det kostar omlag 2,3 millionar å gjennomføre eit kull. Nye studieplassar vil dekke halvparten. Dette pga storleiken på gruppa. Det er berre plass til 15 studentar. Rektor vil anbefale at dette ikkje startar dersom det ikkje kjem ekstern finansiering av tilbodet i storleiken 1,2 millionar på plass i tillegg til nye studieplassar.
Robotteknologi og digital produksjon, 120 stp, deltid	Nordnes	19,43	Opptrapping av eit eksisterande studietilbod. Studietilbodet skal endrast noko for å i møtekomme arbeidslivets trong for kompetanse innan cybersikkerhet og KI. Tidlegare fekk Fagskolen i Hordaland 11 studieplassar til dette tilbodet.
Solenergi, 120 stp, deltid	Førde	20,1	Ny utdanning, kan akkrediterast av styret 03.12.2024. Utdanninga vert utvikla i samarbeid med Nordland Fagskole og skal gjennomførast i Vestland med moglegheit for digital deltaking frå Nordland fagskole. Studiet

			er utvikla i tett samarbeid med bransjeorganisasjonar.
Sum		161,38	

Forslag til mellombels tilbudsstruktur 2025/26

Vidare i saka vert det vist kva tilbod som vert føreslått lagt ut i Samordna opptak våren 2025, samt talet på studentar som fortsett er i utdanning ved fagskulen neste skuleår. Først vert det vist ei oversikt over heile skulen fordelt på studiestad, og deretter vert kvar studiestad omtalt i detalj i høve til kva som vert føreslått starta opp og kva som er endring frå inneverande skuleår.

691	SUMMERT	Søkartal 2024	1. klasse	2. klasse	3. klasse	Sum studentar
	Nordnes	792	480	457	222	1 159
	Førde	259	245	183	119	547
	Stord	26	90	23	-	113
	Nygård	213	90	83	-	173
	Austevoll	38	60	26	-	86
	Måløy	48	56	49	-	105
	Hjeltnes	105	50	23	5	78
	Voss	42	30	28	21	79
	Fagskulen Vestland	1 523	1 101	872	367	2 340

Tabell 2. Overordna tilbudsstruktur 25/26

Tabell 2 over syner at det er føreslått å starte opp med totalt 1101 nye studentar hausten 2025. Vidare syner tabellen at det vil vere 872 studentar som er aktive på andre studieår, og 367 studentar tredje studieår. Total sum studentar vil vere 2 340, men dette føreset at fagskulen får alle dei nye studieplassane som rektor føreslår å søkje tilskot for.

Totalt budsjett for utdanning med dette forslaget vil vere på kr 107,6 mill. for heile skuleåret 24/25. Dette inkluderer ikkje eventuelt nye studieplassar som i så fall vil kome i tillegg.

Når vi bereknar kva det er mogleg å starte opp innanfor ramma tek vi utgangspunkt i hausteffekten for 2025, og den vil vere på 53,8 mill. Våren 2025 forventar vi å bruke om lag 57 mill. Det vil sei at basert på forslaget vil det vere om lag 6,6 mill. som ikkje er disponert.

I arbeidet med forslag til tilbudsstruktur for skuleåret 25/26 er det som nemnt naudsynt å redusere tilbodet ved fagskulen, sjølv om mange av tilboda har svært god søking og er etterspurt av arbeidslivet. Vurderingane som ligg til grunn er kva kompetansetilbodet totalt i fylket vil vere, men også søkjartal. Vurderingar knytt til det totale tilbodet vil veie sterkare enn søkartal frå tidlegare. Samtidig er det og teke omsyn til bevaring av små fagmiljø.

Vidare vert forslag til tilbudsstruktur vist i detalj for kvart studiestad. I tabellane er det vist til søkartal i 2024, og desse er dei same tala som vart presentert i saka om tilbudsstruktur for inneverande skuleår, det vil sei søkartal per 15. april 2024.

Studiestad Nordnes

	Fagskulen i Vestland	Søkartal 2024	1. klasse	2. klasse	3. klasse	Sum studentar	Merknad
Nordnes	Klima, energi og miljø i bygg FTB03N, 120 stp	50	40	39	28	107	
Nordnes	Bygg FTB01H, 120 stp	71	30	30	60	60	
Nordnes	Bygg FTB01N, 120 stp	73	40	60	41	141	
Nordnes	Automatisering FTE01N, 120 stp	109	40	87	38	165	
Nordnes	Elkraft FTE03H, 120 stp	73	30	29	59	59	
Nordnes	Elkraft FTE03N, 120 stp	168	80	85	58	223	40 nye studieplasser
Nordnes	Klassisk byggningshåndverk og restaurering FTB54D, 60 stp		20			20	
Nordnes	Maskinteknikk FTT04H, 120 stp	36	0	28	28	28	
Nordnes	Maskinteknikk FTT04N, 120 stp	65	40	39	24	103	
Nordnes	Prosessteknikk FTK01N, 120 stp	71	40	35	33	108	
Nordnes	Demensomsorg og psykisk helsearbeid/eldre FHH47K, 30 stp	14	30			30	
Nordnes	Psykisk helsearbeid og rusarbeid FHH56D, 60 stp	62	30	25		55	
Nordnes	Robotteknologi og digital produksjon FTI57N, 120 stp		40		0	40	
Nordnes	Sterilforsyning og smittevern i helsetenesta FHH96K, 60 stp		20	0		20	

Tabell 3. Forslag til mellombels tilbudsstruktur ved studiestad Nordnes skuleåret 25/26

Det vert ein reduksjon på 110 studieplassar ved studiestad Nordnes i høve til i fjor. Reduksjonen vert gjort på Bygg nett (ein klasse), Elkraft nett (ein klasse) og Maskin heiltid. Alle studia hadde gode søkjartal våren 2024. Reduksjonen vil kunne få betydning for tal tilsette. Rektor vil føreslå som ein del av innsparinga at desse tilboda ikkje vert tatt opp igjen før økonomien til skulen er betre. I 2027/28 vil desse utdanningane ha mellom 250 og 300 færre studentar enn i 2023. Tilbodet Elkraft nett ligg inne i tabellen med 80 studieplassar, men forslaget er gjort på føresetnad av 40 (26,8 heiltidsekvivalentar) nye studieplassar til dette tilbodet.

Skuleåret 22/23 flytta vi Robotteknologi og digital produksjon til studiestad Stord for å gjennomføre eit kull der etter bestilling frå det verdiskapande arbeidslivet i Sunnhordland. Rektor vil føreslå å flytte utdanninga attende til studiestad Nordnes for skuleåret 25/26, samt å søkje om opptrapping av studenttalet frå 11 til 40.

Forslaget inneber også at vi fjernar eit heiltidstilbod innan Maskinteknikk, då vil Fagskulen Vestland berre ha tre heiltidstilbod igjen innan dei tekniske faga.

Reduksjonen som vert føreslått ved studiestad Nordnes er krevjande. Det er bygd opp svært gode kompetansemiljø knytt til desse tilboda, og utdanningane er etterspurt både blant søkjarar og arbeidslivet. Rektor meiner likevel at så store grep i strukturen må gjennomførast for å kome i balanse i åra framover jf. økonomiplan i Vestland fylkeskommune.

Studiestad Førde

	Fagskulen i Vestland	Søkartal 2024	1. klasse	2. klasse	3. klasse	Sum studentar	Merknad
Førde	Anlegg FTB02N, 120 stp	41	30	28	22	80	
Førde	Automatisering FTE01N, 120 stp	16	0	0	10	10	
Førde	Bygg FTB01N, 120 stp	15	0	19	15	34	
Førde	BIM-tekniker FTI53N, 60 stp	50	40	31		71	
Førde	Bygningssakkyndig FTB58N, 120 stp	41	40	35	15	90	
Førde	Elkraft FTE13N, 120 stp	47	30	30	29	89	
Førde	Håndverksysting FPS15K, 60 stp		15	0		15	ekstern finansiering
Førde	Klima, energi og miljø FTB03N, 120 stp	7	0	0	10	10	
Førde	Maskinteknikk FTT04N, 120 stp	27	30	29	18	77	
Førde	Mjølkeproduksjon m/robot FPS10N, 60 stp		0	0		0	
Førde	Grøn omstilling i byggenæringa FTB79K, 60 stp	15	30	11		41	
Førde	Solenergi, 120 stp		30				skal søke nye studieplassar

Tabell 4. Forslag til mellombels tilbodsstruktur ved studiestad Førde skuleåret 25/26

Ved studiestad Førde vert Bygg føreslått nedlagt og ikkje tatt opp igjen før økonomien ved fagskulen vert betra. Bygg i Førde har hatt ein god utvikling og har 19 studentar (1. klasse) skuleåret 24/25 som er gode tal i Førde. Rektor meiner at byggutdanning er greitt ivareteken ved Fagskulen Vestland. Studiestad Førde har hatt ein flott vekst innan byggfaga og det siste studiet som vart starta var Grøn omstilling i byggenæringa. Studiet hadde diverre ganske låge søkjartal og det er 11 studentar i skuleåret 24/25 på utdanninga. Vidare har studiestad Førde andre attraktive byggutdanningar som BIM og Bygningssakkyndig, og rektor meiner at forslaget til tilbodsstruktur i denne saka gjev eit breitt byggfagleg tilbod i Vestland. Kapasiteten vert lågare totalt, men dette er naudsynnte grep å gjere.

Studiestad Stord

	Fagskulen i Vestland	Søkartal 2024	1. klasse	2. klasse	3. klasse	Sum studentar	Merknad
Stord	Maskinteknikk - med ISO FTT65H, 120 stp	26	30	23		53	
Stord	Elkraft FTE03H, 120 stp		30			30	nye studieplassar
Stord	Industriell isolering D, 30 stp		30			30	nye studieplassar

Tabell 5. Forslag til mellombels tilbodsstruktur ved studiestad Stord skuleåret 25/26

Sunnhordland er ein viktig region for Fagskulen Vestland. Det verdiskapande arbeidslivet står i store omstillingar i høve til overgang til det grønne skifte. Det er eit stort behov for kompetanseheving innan fleire fagområde. Normalt har vi starta opp eitt tilbod ved studiestad Stord kvart år, men regionen har behov for fleire tilbod, og det er derfor ønskeleg å søkje om opptrapping for eit kull på stord, og såleis søkje nye studieplassar til å starte opp Elkraft i tillegg til Maskinteknikk, samt nye studieplassar til utdanninga Industriell isolering.

Studiestad Nygård

	Fagskulen i Vestland	Søkartal 2024	1. klasse	2. klasse	3. klasse	Sum studentar	Merknad
Nygård	Maskinoffiser FTM02H, 120 stp	76	30	31		61	
Nygård	Dekksoffiser FTM01H, 120 stp	85	30	27		57	
Nygård	Boring FTP01H, 120 stp	52	30	25		55	

Tabell 6. Forslag til mellombels tilbodsstruktur ved studiestad Nygård skuleåret 25/26

Ved studiestad Nygård er det ikkje føreslått endringar skuleåret 25/26.

Stuedstad Austevoll

	Fagskolen i Vestland	Søkartal 2024	1. klasse	2. klasse	3. klasse	Sum studentar	Merknad
Austevoll	Dekksoffiser FTM01H, 120 stp	25	30	26		56	
Austevoll	Vannkjemi, mikrobiologi og fiskehelse FPH05N, 30 stp	13	30			30	

Tabell 7. Forslag til mellombels tilbodsstruktur ved stuedstad Austevoll skuleåret 25/26

Ved stuedstad Austevoll er det ikkje føreslått endringar skuleåret 25/26. Tilbodet Vannkjemi, mikrobiologi og fiskehelse har hatt låge søkartal dei to siste åra, men det er ønskeleg å oppretthalde tilbodet. Tilbodet er eittårig, og ein pause i dette tilbodet vil ha konsekvensar for eit svært godt fagmiljø. Samtidig har fagskolen søkt om midlar til eit prosjekt gjennom Vestland fylkeskommune si ordning «Berekraftig verdiskaping» som har fått svært god omtale og som ligg an til å få innvilga støtte på om lag 900 000,-. Prosjektet skal både vidareutvikle tilbodet i høve til bruk av teknologi, og fokusere på marknadsføring av havbruksutdanningane ved fagskolen. Hovudutval for næring skal handsama fordeling av tilskotet i møte 15.10.2024 i sak PS 85/24. Prosjektet fagskolen har søkt tilskot til er kalla «Havbrukshorisont – vidareutvikling av høgare yrkesfagleg akvakulturutdanning».

Stuedstad Måløy

	Fagskolen i Vestland	Søkartal 2024	1. klasse	2. klasse	3. klasse	Sum studentar	Merknad
Måløy	Dekksoffiser FTM01H, 120 stp	32	18	18		36	
Måløy	Maskinoffiser FTM02H, 120 stp	16	18	18		36	
Måløy	Leing i havbruksoperasjonar FPH06K, 60 stp		20	13		33	oppstart feb 26, lokalt opptak

Tabell 8. Forslag til mellombels tilbodsstruktur ved stuedstad Måløy skuleåret 25/26

Det er ikkje føreslått endringar i tilbodet ved stuedstad Måløy. Tilbodet Leing i havbruksoperasjonar er gåande, og det er føreslått å starte opp eit nytt kull i februar 2026. Dette tilbodet starta opp februar 2024 og vil så vere ferdig til nytt kull startar opp.

Stuedstad Hjeltnes

	Fagskolen i Vestland	Søkartal 2024	1. klasse	2. klasse	3. klasse	Sum studentar	Kostnad	Sum ressurs	Merknad
Hjeltnes	Arborist FPS01D, 60 stp	49	0	16		16	922 500	0,90	
Hjeltnes	Lokal matkultur FTK51N, 120 stp	18	0	7	5	12	1 373 500	1,34	pause
Hjeltnes	Pommelier FTK59K, 30 stp	38	20	0	0	20	922 500	0,90	skal søke nye studieplassar
Hjeltnes	Gastronomisk reiseliv FPR51K, 30 stp		30			30			skal søke nye studieplassar

Tabell 9. Forslag til mellombels tilbodsstruktur ved stuedstad Hjeltnes skuleåret 25/26

Ved stuedstad Hjeltnes starta fagskolen opp utdanninga Pommelier i januar 2024 utan nye studieplassar. Det var svært god søknad til utdanninga og er eit einestående tilbod i både nasjonal og internasjonal samanheng. Totalt var det 38 søkarar. Rektor vil tilrå å starte opp at tilbodet januar 2025 og søkje om nye studieplassar.

Fagskolen har også fått akkreditering for utdanninga Gastronomisk reiseliv som ikkje har starta opp enda. Til dette tilbodet er det også ønskeleg å søke om nye studieplassar. Vidare har det vore låg oppslutnad til utdanninga Lokal matkultur dei siste åra, og det vert føreslått å sette dette tilbodet på pause eitt år. Det kan vere ein føremon at desse to tilboda går annakvart år.

Arboristutdanninga har oppstart annakvart år.

Stuedstad Voss

	Fagskolen i Vestland	Søkartal 2024	1. klasse	2. klasse	3. klasse	Sum studentar	Kostnad	Sum ressurs	Merknad
Voss	Anlegg FTB02N, 120 stp	42	30	28	21	79	3 645 800	3,75	

Tabell 10. Forslag til mellombels tilbodsstruktur ved stuedstad Voss skuleåret 25/26

Ved stuedstad Voss er det ikkje føreslått endringar. Tilbodet Anlegg på Voss har gode søkartal og gjennomføring.

Vedtakskompetanse

Jf. Lov om høyere yrkesfaglig utdanning § 9 andre ledd er det styret for fagskulen som har kompetanse til å vedta tilbudsstruktur:

«Styret selv skal fatte vedtak om at det etter styrets skjønn er forsvarlig å ta opp nye studenter. Vedtaket skal fattes før studiestart.»

Konklusjon

På bakgrunn av saksframlegget vil rektor tilrå å lyse ut følgende tilbud våren 2025:

	Fagskulen i Vestland	Søkartal 2024	1. klasse	Merknad
Nordnes	Klima, energi og miljø i bygg FTB03N, 120 stp	50	40	
Nordnes	Bygg FTB01H, 120 stp	71	30	
Nordnes	Bygg FTB01N, 120 stp	73	40	
Nordnes	Automatisering FTE01N, 120 stp	109	40	
Nordnes	Elkraft FTE03H, 120 stp	73	30	
Nordnes	Elkraft FTE03N, 120 stp	168	80	<i>Føreset 40 nye studieplassar</i>
Nordnes	Klassisk bygningshåndverk og restaurering FTB54D, 60 stp		20	
Nordnes	Maskinteknikk FTT04H, 120 stp	36	0	
Nordnes	Maskinteknikk FTT04N, 120 stp	65	40	
Nordnes	Prosessteknikk FTK01N, 120 stp	71	40	
Nordnes	Demensomsorg og psykisk helsearbeid/eldre FHH47K, 30 stp	14	30	
Nordnes	Psykisk helsearbeid og rusarbeid FHH56D, 60 stp	62	30	
Nordnes	Robotteknologi og digital produksjon FTT57N, 120 stp		40	
Nordnes	Sterilforsyning og smittevern i helsetenesta FHH96K, 60 stp		20	
Førde	Anlegg FTB02N, 120 stp	41	30	
Førde	Automatisering FTE01N, 120 stp	16	0	
Førde	Bygg FTB01N, 120 stp	15	0	
Førde	BIM-tekniker FTI53N, 60 stp	50	40	
Førde	Bygningssakkyndig FTB58N, 120 stp	41	40	
Førde	Elkraft FTE13N, 120 stp	47	30	
Førde	Håndverksysteming FPS15K, 60 stp		15	<i>Føreset ekstern finansiering og nye studieplassar</i>
Førde	Klima, energi og miljø FTB03N, 120 stp	7	0	
Førde	Maskinteknikk FTT04N, 120 stp	27	30	
Førde	Mjølkeproduksjon m/robot FPS10N, 60 stp		0	
Førde	Grøn omstilling i byggenæringa FTB79K, 60 stp	15	30	
Førde	Solenergi, 120 stp		30	<i>Føreset nye studieplassar</i>
Stord	Maskinteknikk - med ISO FTT65H, 120 stp	26	30	
Stord	Elkraft FTE03H, 120 stp		30	<i>Føreset nye studieplassar</i>
Stord	Industriell isolering D, 30 stp		30	<i>Føreset nye studieplassar</i>
Nygård	Maskinoffiser FTM02H, 120 stp	76	30	
Nygård	Dekksoffiser FTM01H, 120 stp	85	30	

Nygård	Boring FTP01H, 120 stp	52	30	
Austevoll	Dekksfiser FTM01H, 120 stp	25	30	
Austevoll	Vannkjemi, mikrobiologi og fiskehelse FPH05N, 30 stp	13	30	
Måløy	Dekksfiser FTM01H, 120 stp	32	18	
Måløy	Maskinoffiser FTM02H, 120 stp	16	18	
Måløy	Leiing i havbruksoperasjonar FPH06K, 60 stp		20	<i>Oppstart feb 26, lokalt opptak</i>
Hjeltnes	Arborist FPS01D, 60 stp	49	0	
Hjeltnes	Lokal matkultur FTK51N, 120 stp	18	0	<i>Pause</i>
Hjeltnes	Pommelier FTK59K, 30 stp	38	20	<i>Skal søke nye studieplassar</i>
Hjeltnes	Gastronomisk reiseliv FPR51K, 30 stp		30	<i>Skal søke nye studieplassar</i>
Voss	Anlegg FTB02N, 120 stp	42	30	

I tillegg vil rektor tilrå at det vert søkt om totalt 161,38 nye studieplassar for skuleåret 25/26.

Saksnr: 2022/486-155**Saksbehandlar:** Adeline Berntsen Landro

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Styret for Fagskulen Vestland	VS 15/24	18.10.2024

Løyve til å søkje NOKUT om fagområdeakkreditering innan Matproduksjon, ressursutnytting og gastronomi

Forslag til vedtak

1. Fagskulen Vestland vert gjeve løyve til å søkje NOKUT om akkreditering for fagområdet Matproduksjon, ressursutnytting og gastronomi.
2. Strategi for fagområdet Matproduksjon, ressursutnytting og gastronomi vert vedteke slik det kjem fram av saka.

Samandrag

Fagskulen Vestland ønskjer å søkje NOKUT om akkreditering for fagområdet Matproduksjon, ressursutnytting og gastronomi, eit samarbeid mellom studiestadene Hjeltnes, Austevoll og Måløy. Med denne akkrediteringa vil fagskulen få større fleksibilitet til å utvikle nye utdanningar raskare og tilpasse dei eksisterande. Fagskulen har eit bredt fagmiljø som støttar opp under fagområdet, som omhandlar berekraftig matproduksjon, ressursforvaltning og gastronomi. Rektor tilrår at styret gir løyve til å søkje om akkreditering innan fristen 1. november 2024.

Torbjørn Mjelstad
rektor

Adeline Berntsen Landro
prorektor organisasjon og samhandling

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Strategi og handlingsplan for matproduksjon, ressursutnytting og gastronomi

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Fagskulen Vestland ønskjer å søkje NOKUT om akkreditering for fagområdet Matproduksjon, ressursutnytting og gastronomi. Utviklinga av fagområdet er eit samarbeid mellom studiestaden Hjeltnes, Austevoll og Måløy. Fagskulen Vestland har akkreditering for det tekniske fagområdet og har eit system for å akkreditere eigne utdanningar utan å måtte søkje NOKUT om akkreditering. I tillegg søkte fagskulen om akkreditering for fagområdet Helse og oppvekst 1. november 2023, og ventar svar på søknaden i løpet av desember 2024. Ei fagområdeakkreditering gjev skulen større fleksibilitet og raskare sakshandsamingstid i høve til å utvikle, akkreditere og starte opp nye utdanningar, men også i høve til å gjere endringar i allereie akkrediterte utdanningar.

Studiestad Hjeltnes har utvikla fleire tilbod innan matfag og gastronomi dei siste åra, ved studiestad Austevoll har fagskulen akkreditering for utdanninga Vannkjemi, mikrobiologi og fiskehelse som rettar seg mot oppdrett av fisk i både lukka og opne anlegg. Ved studiestad Måløy har fagskulen akkreditering for utdanninga Leiing i habruksoperasjonar. Tilboda ved dei tre studiestadene omhandlar alle, på ulike måtar matfaga og gastronomi, og det er ønskjeleg å vidareutvikle dette fagområdet ved fagskulen.

Det er frist 1. november kvart år for å søkje NOKUT om akkreditering av fagområde. Jf. fagskulelova § 5 tredje ledd kan fagskular søkje om akkreditering for eit fagområde, og fagskular som har ei slik akkreditering vil ha fullmakt til å sjølv opprette og legge ned fagskuleutdanningar innan fagområdet. Jf. fagskuletilsynsforskrifta kapittel 3 skal eit fagområde vere relatert til eitt eller fleire yrkesfelt og vere tydeleg definert og avgrensa, men samtidig ha tilstrekkeleg breidde til å inkludere fleire utdanningar. Det er også sett krav til storleik og breidde i fagmiljøet, og rektor vurderer det slik at skulen har eit bredt fagmiljø og kompetanse knytt til fagområdet Matproduksjon, ressursutnytting og gastronomi for å kunne utvikle fleire tilbod.

Matproduksjon, ressursutnytting og gastronomi

Fagområdet matproduksjon, ressursforvaltning og gastronomi spiller ein sentral rolle i dagens samfunn ved å samanfatte teori, praksis og kultur for å skape berekraftige løysingar innanfor matsektoren. Dette fagområdet omfattar fleire nøkkelkomponentar, der kvar enkelt er essensiell for utvikling av kompetanse og innovasjon. Vidare tar fagområdet sikte på å utvikle kompetente fagfolk som kan bidra til ein berekraftig utvikling i både nasjonal og global samanheng. Det skal leggest til rette for innovasjon og ansvarleg matproduksjon, ressursforvaltning og gastronomi.

Matproduksjon:

Matproduksjon omfattar heile spekteret av matproduksjon som vi driv med i Noreg, frå den marine matproduksjonen i havet og på land til landbruket sin matproduksjon med både animalske og plantebaserte produkt. Utdanning innan matproduksjon fokuserer på berekraftige metodar, høg kvalitet på produkt og ansvarleg forvaltning av naturressursar. Studentane lærer om agronomi, husdyrhold, og moderne teknologi, samt korleis desse kan nyttast for å møte framtidige matbehov og utfordringar knytt til klima og miljø.

Ressursutnytting:

Ressursforvaltning er avgjerande for å sikre ei berekraftig framtid for matproduksjon og akvakultur. Dette inneber ei heilskapleg tilnærming til forvaltning av både biologiske og ikkje-biologiske ressursar, inkludert vann, jord og biologisk mangfald. Studentar vil tileigne seg kunnskap om ressursforvaltningsteori og strategiar for å balansere produksjon med bevaring.

Gastronomi:

Gastronomi går utover matlaging og omfamnar heile opplevinga av mat, inkludert formidling, kultur og reiseliv. Med dette meiner ein matopplevingar, maten sine historiske og kulturelle kontekster, og korleis ein kan kommunisere desse til ulike publikum, og strategiar for å promotere gastronomiske opplevingar i samanheng med reiseliv.

Fagområdet sitt opptaksgrunnlag

Fagområdet skal tilby utdanningar som bygger på utdanningsprogram innan naturbruk (akvakultur, fiske- og fangst, havbruksteknikkfaget, agronom, gartner), restaurant og matfag (kokk, ernæringskokk, servitør, bakar, konditor, slaktar, ferskvarehandlar, sjømatproduksjon, industriell matproduksjon, kjøttskjærer, pølsemakar) og sal, service og reiseliv (reiselivsmedarbeidar, salsmedarbeidar)

Strategi for fagområdet

Gjennom arbeidet med fagområdet er det utarbeida ein strategi som skal sette retning for korleis fagområdet skal utviklast i fortsettinga. Strategien bygger på fagskulen sin overordna strategi og er som følger:

Hovudmål for fagområdet matproduksjon, ressursutnytting og gastronomi:

- Fagskulen skal vidareutvikle eksisterande utdanningar og utvikla nye utdanningar av ulik lengd i tråd med endringar og behov i arbeidslivet.
- Fagskulen skal vere i forkant av utviklinga av berekraftige og fleksible utdanningar innan fagområdet, i tråd med kompetansebehovet i arbeidslivet.

Delmål

- vidareutvikle og styrke fagmiljøet og samspelet med yrkesfeltet gjennom fagråd og auka kontakt i fagmiljøet
- vidareutvikle eksisterande og utvikle nye berekraftige utdanningar i samarbeid med arbeidslivet
- arbeide systematisk med pedagogisk utvikling og digital kompetanse
- ha dyktige lærarar slik at vi kan levere undervisning på høgt nivå
- utvikle fleksible, desentraliserte utdanningsløp og kurs i tråd med arbeidslivet sitt kompetansebehov
- gjere eksisterande utdanningar meir fleksible for å gi eit reelt tilbod til studentar i heile regionen og som legg til rette for å kombinerer studiar med arbeid og familie

Heile strategidokumentet og tiltaksplan ligg som vedlegg til saka.

Vedtakskompetanse

Jf. fagskulelova § 9 er styret skulen sitt øvste styringsorgan og er ansvarleg for kvaliteten i utdanninga.

Konklusjon

På bakgrunn av saksframlegget vil rektor tilrå at styret gjev løyve til at fagskulen kan søkje om fagområdeakkreditering for Matproduksjon, ressursutnytting og gastronomi innan fristen 1. november 2024.

Strategi og handlingsplan for matproduksjon, ressursutnytting og gastronomi

Strategi for fagområdet matproduksjon, ressursutnytting og gastronomi bygger på **Fagskulen Vestland sin overordna strategi 2023 – 2027:**

Visjon:

Fagskulen Vestland – den føretrekte tilbydaren av kompetanse for arbeidslivet i Vestland.

Målsetning kva skulen ønskjer å oppnå i perioden

- Vi skal arbeide for vidare studentvekst i heile regionen og på fleire stader enn i dag, og utfordre oss sjølve på måten å organisere utdanningane på for å sikre fleksibilitet for studentar og arbeidsliv.
- Vi skal vere ein trygg og god partner for arbeidslivet og samarbeide enda tettare om å utvikle utdanningar som styrkar arbeidskrafta, berekraft og grøn omstilling i regionen.
- Vi skal styrke kvaliteten i undervisninga med fleire dyktige lærarar og nye undervisningsmetodar.
- Vi skal vidareutvikle læringsmiljøet for studentane ved dei fleksible tilboda.
- Vi skal vere meir synleg for samfunnet med ein heilskapleg profil og aktiv deltaking i det offentlege ordskiftet

Matproduksjon, ressursutnytting og gastronomi

Hovudmål for fagområdet matproduksjon, ressursutnytting og gastronomi:

- ❖ Fagskulen skal vidareutvikle eksisterande utdanningar og utvikla nye utdanningar av ulik lengd i tråd med endringar og behov i arbeidslivet.
- ❖ Fagskulen skal vere i forkant av utviklinga av berekraftige og fleksible utdanningar innan fagområdet, i tråd med kompetansebehovet i arbeidslivet.

Delmål

- *vidareutvikle og styrke fagmiljøet og samspelet med yrkesfeltet gjennom fagråd og auka kontakt i fagmiljøet*
- *Vidareutvikle eksisterande og utvikle nye berekraftige utdanningar i samarbeid med arbeidslivet*
- *arbeide systematisk med pedagogisk utvikling og digital kompetanse*
- *ha dyktige lærarar slik at vi kan levere undervisning på høgt nivå*

- utvikle fleksible, desentraliserte utdanningsløp og kurs i tråd med arbeidslivet sitt kompetansebehov
- gjere eksisterande utdanningar meir fleksible for å gi eit reelt tilbod til studentar i heile regionen og som legg til rette for å kombinerer studiar med arbeid og familie

Tiltak

- Opprette referansegruppe med tverrfagleg fokus på matproduksjon, ressursutnytting og gastronomi med årleg møte
- Vidareføre fagråd for kvart fagfelt og opprette nye etter behov
- Gjennomføre to digitale møte i fagråda pr studieår. I haustmøtet skal studieplanane reviderast. I vårmøtet skal det vere fokus på utvikling av nye studietilbod
- Legge til rette for at lærarane som er fast tilsette får utvikla faglege kompetanse gjennom jamleg hospiterer i sitt fagfelt og få delta på relevante kurs, konferansar og vidareutdanningar som er aktuelle for utdanningane
- Nytte gjestelærarar og gjesteforelesarar frå fagfeltet
- Legge til rette for at lærarar får utvikla sin pedagogiske og digitale kompetanse
- Ha pedagogisk utviklingsarbeid regelmessig på agendaen med kontinuerleg utvikling av læraranes kompetanse i fleksibel nettundervisning
- Nytilsette lærarar skal ha formell utdanning og erfaring frå aktuelt fagfelt
- Arbeide systematisk med å gjere studiane fleksible og tilgjengelege. Lage asynkrone undervisningsopplegg der det er fagleg og pedagogisk formålstenleg

Handlingsplan for fagområdet matproduksjon, ressursutnytting og gastronomi Fagskolen Vestland- reviderast årleg

Hovudmål	Vi skal: ❖ vidareutvikle eksisterande utdanningar og utvikla nye utdanningar av ulik lengd i tråd med endringar og behov i arbeidslivet ❖ vere i forkant av utvikling av berekraftige og fleksible utdanningar innan fagområdet, i tråd med kompetansebehovet i arbeidslivet				
Delmål	Tiltak	Ansvar	Kritiske suksessfaktorar	Frist	Evaluering
<i>Vidareutvikle og styrke fagmiljøet og samspelet med yrkesfeltet gjennom fagråd og auka kontakt i fagmiljøet</i>	<ul style="list-style-type: none"> Opprette referansegruppe med tverrfagleg fokus på matproduksjon, ressursutnytting og gastronomi, med årleg møte 	Utdanningsleiar	Representantar frå arbeidslivet må oppleve arbeidet som relevant og nyttig	Kontinuerleg arbeid, møte kvar vår	I etterkant av møtet
	<ul style="list-style-type: none"> Vidareføre fagråd for kvart fagfelt og opprette nye etter behov Gjennomføre to digitale møter i fagråda pr studieår. I haustmøtet skal studieplanane reviderast og i vårmøtet skal det vere fokus på utvikling av nye studietilbod 	Fagleg ansvarleg / fagkoordinator	Finne engasjerte representantar som ser arbeidet som relevant og nyttig	Kontinuerleg	
	<ul style="list-style-type: none"> Nytte gjestelærarar og gjesteforelesarar frå fagfeltet 	Utdanningsleiar i samarbeid med fagkoordinator og lærarane	Økonomi	Ved ressursplanlegging	Nytt skuleår
	<ul style="list-style-type: none"> Legge til rette for at lærarane som er fast tilsette får utvikla faglege kompetanse gjennom jamleg hospiterer i sitt fagfelt og få delta på relevante kurs, konferansar og vidareutdanningar som er aktuelle for utdanningane 	Utdanningsleiar i samarbeid med faglærar	Må prioriterast både ressursmessig og økonomisk Tema i utviklingssamtalane	Ved ressursplanlegging	Etter kvart skuleår
<i>Vidareutvikle eksisterande og utvikle nye berekraftige</i>	<ul style="list-style-type: none"> Opprette referansegruppe med tverrfagleg fokus på matproduksjon, ressursutnytting og gastronomi, med årleg møte 	Utdanningsleiar i samarbeid med arbeidslivet og lærarane	Deltaking i fagmiljø Engasjerte representantar i referansegruppe og fagråd	Kontinuerleg arbeid	Kvart skuleår

<i>Utdanningar i samarbeid med arbeidslivet</i>	<ul style="list-style-type: none"> Vår møte i fagråda skal ha fokus på utvikling av nye studietilbod 				
<i>Arbeide systematisk med pedagogisk utvikling og digital kompetanse</i>	<ul style="list-style-type: none"> Legge til rette for at lærarar får utvikla sin pedagogiske og digitale kompetanse. Søke om pedagogisk utviklingsprosjekt Ha pedagogisk utviklingsarbeid regelmessig på agendaen med kontinuerleg utvikling av læraranes kompetanse i fleksibel nettundervisning 	Utdanningsleiar, administrasjon og faglærarar	Ressursar, fagleg utvikling lærarar Midlar til utviklingsprosjekt	Oppstart skuleår Mulig prosjekt 2025-26	Etter kvart skuleår Prosjektevaluering 2027
<i>Ha dyktige lærarar slik at vi kan levere undervisning på høgt nivå</i>	<ul style="list-style-type: none"> Nytilsette lærarar skal ha formell utdanning og erfaring frå aktuelt fagfelt Legge til rette for at lærarane som er fast tilsette får utvikla faglege kompetanse gjennom jamleg hospiterer i sitt fagfelt og få delta på relevante kurs, konferansar og vidareutdanningar som er aktuelle for utdanningane 	Utdanningsleiar	Fagskulen må vere ein attraktiv arbeidsplass	Kontinuerleg arbeid	Etter kvart skuleår
<i>Utvikle fleksible, desentraliserte utdanningsløp og kurs i tråd med arbeidslivet sitt kompetansebehov</i>	<ul style="list-style-type: none"> Opprette referansegruppe med tverrfagleg fokus på matproduksjon, ressursutnytting og gastronomi, med årleg møte Arbeide systematisk med å gjere studiane fleksible og meir tilgjengelege, tilpassa arbeidslivet og studentane. Utvikle asynkrone undervisningsopplegg der det er fagleg og pedagogisk formålstenleg Ha pedagogisk utviklingsarbeid regelmessig på agendaen med kontinuerleg utvikling av læraranes kompetanse i fleksibel nettundervisning 	Utdanningsleiar, administrasjon og faglærarar	Godt samarbeid med et engasjert arbeidsliv Motiverte lærarar	Kontinuerleg arbeid	Etter kvart skuleår
<i>Gjere eksisterande utdanningar meir fleksible for å gi eit reelt tilbod til studentar i heile regionen /</i>	<ul style="list-style-type: none"> Arbeide systematisk med å gjere utdanningane meir fleksible og tilgjengelege, tilpassa arbeidslivet og familie. Utvikle asynkrone undervisningsopplegg der det er fagleg og pedagogisk formålstenleg 	Utdanningsleiar, administrasjon og faglærarar	Midlar til bygging av digital kompetanse i lærerstabem og utvikling av fleksibel nettundervisning (utviklingsprosjekt)	Kontinuerleg fokus Mulig prosjekt for 2025-26	Når emnet vert avslutta, eller etter kvart skuleår

<i>landet og som legg til rette for å kombinere studier med arbeid og familie</i>	<ul style="list-style-type: none"> • Ha pedagogisk utviklingsarbeid regelmessig på agendaen med kontinuerleg utvikling av læraranes kompetanse i fleksibel undervisning 		Motiverte lærarar		